

## Referat møte i skoleutvalet 13.05.26

**Møtt:** Joel, Mayla og Haakon (elevar), Mons, Robin og Hugo (samfunnskontaktar), Per Arne (ansatterrepr.), Møyfrid (foreldrerepr., på teams) og Hilde (rektor og referent).

### Agenda:

1. Status trafikkisikkerheit
2. Struktur, tilbod, klassar og oppstart
  - a. Klassar og oppstart 26/27
  - b. Info om høyring tilbodsstruktur
  - c. Info om struktur Trøndelag (Mons og Hugo)
  - d. Trøndelagsavtalen
  - e. Ressurscenter Nordmøre/VOV og tilbod om modulbasert opplæring i Helsearbeidarfaget
3. Etterarbeid elevundersøkinga og tilbakemelding etter sosialveka (elevråd)
4. Eventuelt
  - a. Dato for siste møte, inkl. avslutning.
  - b. Høyring språk

### Trafikkisikkerheit

Surnadal kommune ved arealplanleggar Berit Okstad orienterte om planane for tiltak trafikkisikkerheit på Øye-området. Det er arbeid med å finne utfordringar/fareområde og moglege tiltak. Ikkje økonomiske rammer for å endre fysiske rammer betydeleg per no, men det er mange tiltak ein kan setje inn som ikkje kostar noko.

Kva kan vi gjera? Gjennomgang av ulike tiltak:

- Fysiske tiltak
- Haldningar, opplæring og reglar
- Drift og vedlikehald

Moment/innspeil frå utvalet:

- Vera tydeleg på å markere køyreretning.
- Ta bort det som hindrar sikt. Parkeringsplassar/snøhaugar nærmast kryss.
- Skilting innkøyring forbode på ulike vegar (unntak varelevering).
- Utfordring varelevering, skapar farlege trafikkisituasjonar.
- Tydeleg merking på kven som skal parkere kor.
- Legge til rette for billegare kollektivtransport

## **Struktur, tilbud, klassar og oppstart**

### Klassar og oppstart 26-27

Viser til informasjon gjeve i møte 18.03 om søkjartal. Kapasitetsjusteringar er no gjennomført og klassetal for skoleåret 26/27 er klart. Det blir starta 1 ekstra klasse på vg1 Teknologi og industrifag. Dette «veg opp mot» at vi mista klassen på vg2 elektro- og datateknologi (automasjon). Det vart 13 dermed klassar. Det vart ikkje starta ekstra klasse på vg1 studiespesialisering. Trass stor søking så var ikkje søkjartalet høgt nok til at det utløyste to klassar. Dei elevane som ikkje får tilbud om vg1 studiespesialisering hadde anna tilbud ved Surnadal vgs som andre-ønske.

Skoleutvalet tykkjer det er positivt og gledeleg at dei som ikkje fekk plass på studiespesialisering hadde andre tilbud ved skolen som andre-ønske.

### Info om høyring tilbodsstruktur

Framdrift: Høyringsdokumentet blir publisert 1.juni, høyringsfrist 1.september, behandling i KON-utval 9.nov. Der er antyda frå Inntak om at det vil bli foreslått samarbeid med Sunndal om påbyggtilbod, slik som det blir prøva ut i 26-27.

Hilde sender lenke til høyringsdokumentet når dette er publisert.

### Info om struktur Trøndelag

Orientering frå Mons, som saman med Hugo har vore på møte i regi Trøndelag sør.

Frå møtet: Det må gjerast strukturelle grep også i Trøndelag pga dårleg økonomi. Det ser ut til at Løkken etter kvart blir fasa ut. Tilboda på Løkken er ønska flytta til Follo, ein vil heller bygge ut tilbodet der. På sikt vurderast det også kanskje å flytte dei tyngre yrkesfaga til Melhus. Dette vil i så fall ikkje slå positivt ut for elevane sør i Trøndelag, pga utfordringar med skyss/lang reiseveg.

Det vart referert til at heile 75% søkjer seg til yrkesfag i Trøndelag, samtidig legg dei opp til ei vridning mot studiespesialisering pga trong økonomi.

Trøndelag står i same utfordringar som Møre og Romsdal, reduksjon i elevtal og økonomi.

### Ny grenseavtale med Trøndelag

Det er reaksjonar frå gamle Halså i Heim kommune på ny grenseavtale. Avtalen er endra slik at den berre gjeld Surnadal vgs i Møre og Romsdal. På grunn av reaksjonane har det no vorte gjort unntak frå den nye avtalen for kommande skoleår; gamal avtale gjeld for dei elevane som startar hausten -26.

Mons har vore i dialog med utdanningsdirektøren om saka.

Dette er ikkje skoleutvalet sitt ansvar, avtalen gjerast på fylkeskommunalt nivå.

Utvalet presiserer at vi ynskjer at elevane frå både gamle Halså og Rindal blir ivareteke med tanke på moglegheiter.

### Ressurssenter Nordmøre/VOV og tilbud om modulbasert opplæring i Helsearbeidarfaget

Bjørn Terje Lien Pedersen, leiar på ressurscenter for Nordmøre (vidaregåande opplæring for vaksne) har teke initiativ til samarbeid. Det er ønskeleg at vi (og Sunndal vgs) bidreg med

kompetanse inn mot den modulbaserte opplæringa. Dei er no i ferd med å utarbeide tilbudsstruktur, no først i faga betong/maling/tømrar og helsearbeidarfaget. Dette er i tråd med det skolen ynskjer. Skoleutvalet er positive til dette samarbeidet.

## **Etterarbeid elevundersøkinga og tilbakemelding etter sosialveka**

### Evaluering sosialveka:

Elevrådet meldte tilbake om korleis sosialveka gjekk. Suksess! Aktivitetar som vart gjennomført: Quiz, kake til alle elevar, temadag («Surnadal vgs») og eggejakt. Det var utfordringar med å få engasjert elevrådet til å vera med å planlegge og gjennomføre, men ein kom i mål.

Elevrådet ynskjer at ein skal halde fram med sosialveka, det skal vera ein tradisjon. Til neste år må ein vera flinkare til å få med folk. Elevrådet må vera rollemodellar, då vil engasjementet smitte over på resten av elevgruppa.

### Elevundersøkinga: Tilbakemelding frå klassane om elevmedverknad:

Alle klassar har meldt inn gode eksempel på korleis ein får medverke.

Elevrådet gjekk igjennom resultatane frå klassane. Ein ser også i år eit gap mellom resultatane på elevundersøkinga, kor skolen ligg under snittet, samanlikna med kva klassane melder inn.

Korleis kan vi arbeide vidare med dette? Kva kan vi gjera annleis? Innspel frå utvalet:

- Halde fram med bevisstgjerung.
- Gjennomføre denne formsundersøkinga («gi eksempel på korleis du får medverke») før sjølve elevundersøkinga.
- Sette av god tid til gjennomføring

### **Eventuelt:**

- Høyring språk: Hilde sjekkar status og delar info med skoleutvalet.
- Dato for siste møte/avslutning: Måndag 8. juni klokka 13. Hovudsak: Evaluering av året. Pizza og brus.

Rektor og referent

Hilde Andersen